

# Tilskot til regionale ungdomsparti

- Forslag til hovudutval for kultur, idrett og inkludering 11. mars 2025 -

## Føremål med ordninga

Tilskot til regionale partipolitiske ungdomsorganisasjonar (ungdomsparti) skal styrkje dei politiske ungdomsorganisasjonane i Vestland og med det bidra til auka politisk deltaking blant unge i fylket.

Ordninga skal stimulere organisasjonane som arena for deltaking, engasjement og ansvar. Ordninga skal fremje medverknad, inkludering, samfunnsinnsikt, ytringsfridom og demokrati.

## Kven kan søke?

Støtteordninga er meint for dei regionale ungdomspolitiske organisasjonane der moderpartiet har eitt eller fleire medlemmer i Vestland fylkesting

## Krav til søkjar:

- Søkjar skal ha organisasjonsnummer og vere registrert i Brønnøysundregisteret
- Moderpartiet skal vere representert i Vestland fylkesting
- Organisasjonen skal sende søknad til Vestland fylkeskommune kvart år, på våren
- Følgjande dokumentasjon må liggje ved søknaden:
  - o Årsmøtereferat
  - o Årsrapport frå året før søknadsåret
  - o Godkjent rekneskap frå året før søknadsåret

## Tilgjengelege midlar til føremålet vert tildelt som følgjer:

- Dei organisasjonane som sender inn søknad innan fristen og stettar krava til søkjar skal tildelast eit grunnbeløp på kr 20 000.
- Det resterande beløpet blir fordelt mellom dei organisasjonane som stettar krava i høve til resultatet i sist fylkestingval for moderpartiet

- o Formelen for dette vert:

$$((\text{Moderpartiet sitt valresultat/summen av prosent på dei organisasjonane som stettar krava}) \times (\text{avsett sum til føremålet-samla sum av grunnbeløpa som vert utbetalt}))$$

## Sakshandsaming og vedtak

Forvaltningslova skal leggjast til grunn for all søknadshandsaming i Vestland fylkeskommune. Alle søknader er i utgangspunktet offentleg tilgjengelege, jf. forvaltningslova (fvl.).

Direktør for kultur og folkehelse får fullmakt til å fordele tilgjengelege midlar ved administrativt vedtak i samsvar med retningslinjene. Kvar søknad er eit einskildvedtak og innstilling skal grunngjevast av direktør i delegert saksframlegg. Søknadene skal i hovudsak vere handsama innan tre månader etter søknadsfrist.

## Oppfølging og rapportering

Mottakar av støtte pliktar å rapportere for bruken av tildelte midlar til fylkeskommunen. Mottakaren rapporterer for dei tildelte midlane påfølgjande år saman med ny søknad om driftsstønad. Organisasjonen sender inn godkjent årsmelding og rekneskap for det året støtta er innvilga saman med søknaden. Godkjent årsmelding og rekneskap er å sjå som rapport for bruken av tildelte midlar.

Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setje i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føresett.

## Klage

Vedtak kan klagast på etter forvaltningslova §28, som omhandlar klagerett for part eller anna

person med rettsleg klageinteresse ved einskildvedtak. Søkjar kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen søkjar tok imot melding om vedtaket.

Klaga vert behandla i hovudutval for kultur, idrett og inkludering. Blir klaga ikkje tatt til følge, blir den sendt vidare til klagenemnda i fylkeskommunen for endeleg vedtak. Ei klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.